



Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/3138 - 14/11335

Saksbehandlar:

Anny Bastesen

anny.bastesen@meland.kommune.no

Dato:

14.07.2014

Vedk. regional instans si overprøving av lovleg fatta vedtak i Meland kommune: Statens vegvesen si handtering av enkeltsaker

Meland kommune vil med dette be om ei vurdering og avklaring frå statsråden når det gjeld lokaldemokratiet og innbyggjarane sin rettstatus, fordi kommunen opplever at Statens vegvesen region vest i aukande grad overprøver lovleg fatta kommunale vedtak.

Meland kommune har hatt gode erfaringar med forsøksordninga der Hordaland er eitt av fylka der fylkesmannen er gjeve mynde til å samordne og om nødvendig avskjere statlege motsegner knytt til reguleringsplanar. Kommunen ønskjer denne ordninga velkomen og opplever at Statens vegvesen sine synspunkt ikkje lenger hindrer framdrifta i reguleringsaker.

Når det gjeld enkeltsaker, er situasjonen ein annan. Kommunen har ryddige saksbehandlingsrutiner, god medverknads- og høyringspraksis og høg kvalitet på saksutgreiingane, med tydeleg delegering og rasjonell oppgåvedeling. Både fylkesmannen og fylkeskommunen har ved fleire høve løfta fram dei gode eksempla frå kommunen. I enkeltsakene opplever kommunen likevel at Statens vegvesen verken aksepterer fylkesmannen eller kommunen sine vurderingar og vedtak.

Situasjonen er i utgangspunktet søkt løyst lokalt. Kommunen har vendt seg til Fylkesmannen i Hordaland og Statens vegvesen ved brev, e-postar og møte om konkrete saker der Statens vegvesen grip inn på ein uryddig måte. Kommunen har ein god dialog med Fylkesmannen i Hordaland, men Statens vegvesen held likevel fast ved ein praksis som etter vårt skjønner er ulovleg.

Konkret opplever kommunen at Statens vegvesen grip inn i saker som etaten ikkje har formell mynde til å behandle. Vegvesenet aksepterer ikkje kommunen sitt ansvar for å styre arealbruken, og erstattar kommunen sine overordna og ansvarlege vurderingar i høve til kommuneplanen med etaten sine synspunkt på detaljnivå, på ein måte som set til sides kommunale vedtak lenge etter at dei er fatta.

Eitt eksempel på ei slik sak, er kommunen sitt vedtak i mars 2011 om å gje dispensasjon frå kommuneplanen for å byggje bustad på ei etablert bustadtomt. Området var sett av til LNF-område i

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

kommuneplanen sin arealdel frå 2004. Vedtaket vart fatta av det politiske utvalet for slike saker, i medhald av plan- og bygningslova § 19-2, jf §§ 19-1 og 19-4. Saka var på førehand sendt på høyring til Hordland Fylkeskommune v/regionalavdelinga og Fylkesmannen i Hordaland v/kommunal- og samfunnsplanavdelinga, i tråd med nemnde lovreglar. Ingen av instansane hadde merknader til søknaden. Etter at dispensasjonen var innvilga, vart saka sendt til begge instansane for vurdering av evt. klage. Ingen av instansane påklagde kommunen sitt vedtak.

Det kan nemnast at i saker om dispensasjon frå kommuneplanen, er det sjølvsagt for kommunen å vurdere saka opp mot retningsliner for samordna areal- og transportplanlegging og lokalsamfunnsutvikling, og i høve til verknader for helse, miljø og tryggleik. Det same gjeld eventuelle presedensverknader. Teknisk og sosial infrastruktur må sjølvsagt vere til stades.

Då grunneigaren skulle starte på sjølve byggesaksprosessen i 2013, var det nødvendig å få løyve til utvida bruk av ein eksisterande privat avkjørselsvei til fylkesvegen. Denne veggen er i god stand og avkjørsla har god utforming og friskt. I staden for å behandle sjølve avkjørselen etter veglova, tok Statens vegvesen opp att vurderingar av dispensasjonsspørsmålet i høve til retningsliner for samordna areal- og transportplanlegging, helse, miljø og tryggleik og presedensverknader. Dette trass i at vegvesenet medgir at det er praktisk mogeleg å utbetre den eksisterande avkjørsla slik at den oppfyller vegnormalen sine krav til utforming.

Statens vegvesen greip dermed inn i kommunen si rolle som dispensasjonsmynde, ved å sette til sides det politiske utvalet sitt lovleg fatta og rettskraftige dispensasjonsvedtak i tråd med plan- og bygningslova § 19-2, meir enn to år etter at vedtaket er fatta. Kommunen vart uroleg for utviklinga, og tok saka opp med fylkesmannen i Hordaland ved eige skriv, samstundes som grunneigaren klaga på vegvesenet sitt vedtak om å nekte bruk av den eksisterande avkjørsla. Resultatet av desse rundane er at fylkesmannen stadfesta at kommunen sitt vedtak er rettsleg bindane, medan klagenemnda i Hordland med 2 (V, SV) mot 1 røyst (H) vedtok å stadfeste vegkontoret sin konklusjon.

Der står saka.

Essensen i dette er at saksbehandlinga hjå Statens vegvesen tek ein retning som Meland kommune ikkje finn heimel for, i svært mange enkeltsaker. Sjølve klageordninga medfører at dei to regionale instansane (fylkesmannen og fylkeskommunen) kan trekkje motsette konklusjonar. Det er problematisk for det politiske engasjementet lokalt, og det er i høgste grad problematisk for dei innbyggjarane som blir ramma av vilkårleg saksbehandling. Legitimiteten til det regionale nivået blir relativt labil.

Teamet dukkar oftare og oftare opp i møte med andre kommunar i Bergensområdet. Når Meland kommune velgjer å ta situasjonen opp med departementet, er det fordi vi meiner saka hjar stor prinsipiell betydning. Statens vegvesen sin praksis har konsekvensar som kommunen vanskeleg kan tru er i tråd med statsråden sine signal om samspelet mellom stat og kommune, fordi:

- Kommunalt sjølvstyre blir redusert
- Saksbehandlinga blir ressurskrevjande og ineffektiv
- Innbyggjarane må bruke unødvendig mykje tid og pengar på enkle saker
- Innbyggjarane blir ramma av vilkårleg saksbehandling

Det vil alltid vere eit spenningsfelt mellom det lokale og nasjonale nivået, men begge må kunne respektere kvarandre sine maktgrunnlag. Kommunen meiner det handlar om retten til å styre utviklinga av

lokalsamfunnet. Det er viktig for kommunen å samarbeide godt med det statlege regionale nivået, og samstundes halde oppe det lokalpolitiske engasjementet.

Situasjonen er fastlåst og kommunen treng dekning for å kunne halde fram med saksbehandling av enkeltsaker i tråd med kommunelova og plan- og bygningslova når det gjeld arealbruk.

Med helsing

Nils Marton Aadland
Ordfører

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

- 1-Saksutgreiing og vedtak om dispensasjon for bygging av bustad - Fløksand(L)(372781)
- 2-Vegkontorets avslag på søknad om utvida bruk av eksisterande avkjørsle(L)(292354)
- 3-Klage frå søkjar til vegkontoret på avslag om bruk av utvida avkjørsle. (L)(293555)
- 4-Vegkontoret si avvisning av klage frå søkjar
- 5-Klagenemnda i Hordaland stadfester vegkontoret sitt avslag
- 6-Kommunen sin klage til fylkesmannen på vegkontorets overprøving av lovleg fatta vedtak(L)(303292)
- 7-Kommentar frå vegkontoret på kommunen sin klage på vegkontorets saksbehandling(L)(298884)
- 8-Fylkesmannens svar på brevet frå kommunen. (L)(300014)

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland	Kommunal- /samfunnsplanavd eling	5020	BERGEN
Hordaland Fylkeskommune	Regionalavdelinga	5020	BERGEN
Statens vegvesen Region vest	Askedalen 4	6863	LEIKANGER

Mottakere:

Kommunal- og
moderniseringsdepartementet